

## Plan for oppgradering og vedlikehold av kommunale vegar 2020 - 2023

**Vedteken i Kommunestyre den 30.04.2020, sak 20/024**

### Planprosess:

Kommunestyret etterspurde først ei sak om oppgradering og prioritering av vegvedlikehold i KOMM-18/084 (budsjettsaka). Plan for vegvedlikehold vart lagt fram i sak FORM-19/019 der Formannskapet vedtok at planen skulle omarbeidast og at ein skulle vurdere reasfaltering i staden for sporfylling på vegane Handalsvegen, Espelandsvegen og Skivenesvegen. Saka vart så lagt fram i FORM-19/070 og KOMM-19/061. Kommunestyret gjorde vedtak om at 4 mill. skulle løyvast i investeringsmidlar til oppgradering av dei tre prioriterte vegane, og at revidert plan for oppgradering og vedlikehold av kommunale vegar skulle leggast fram til budsjetthandsaminga.

Dette greidde ein ikkje og prosessen fram mot vedtak ser slik ut:

16.04.20	Utkast til plan vert drøfta i Plan og Samfunn
23.04.20	Handsaming i Formannskap
30.04.20	Handsaming i Kommunestyre

I kommuneplanen sin handlingsdel finn vi to overordna tiltak som vil vere styrande for denne planen:

#### 4.1.6 Infrastruktur

- Kartlegge alle kommunale vegar og vurdere omklassifisering. Forankre kriterier for kva vegar som skal vere kommunale

#### 4.2.4 Tekniske tenester

- Årleg oppruste/forbetre 5 km. med kommunal veg etter prioritert plan (mål om å nå rundt på 15 år)

Visjonen om at Hyllestad skal bli ein inkluderande og attraktiv kommune er også viktig å ha med seg. Skal ein vere attraktiv så må standarden på kommunale vegar vere bra.

Med utgangspunkt i det som står i kommuneplanen og kvar vi står i dag, så har vi sett opp følgjande målsetjingar:

### Målsetjingar i løpet av planperioden


1. Oppnå generelt betre vegstandard på kommunale grus- og asfaltvegar.
2. Auke andelen kommunale vegar med fast dekke til ca. 50 %.

### Ansvar og oppfølging

Leiar for DV- tenesta har ansvar for utføring av tiltaka, og at det vert gjennomført årleg rullering av prioriterte vegar i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

## Status kommunale vegar

Hyllestad kommune har ca. 75 km. med kommunale vegar. Etter å ha kontrollmålt i mars 2020, så er status at 30,5 km. har fast dekke og 44,7 km. har grusdekke. Det stemmer svært godt med innrapporterte tal i Kostra.



*Kommunen har fast dekke på ca. 40% av dei kommunale vegane. Klikk i kartet for oversikt.*

Det er dårleg kvalitet på mykje av asfaltdekke, og fleire stader er det så djupe hjulspor at bilar tek ned på. Mange av dei kommunale vegane er delvis asfalterte og om lag halvparten av asfalten er lagt før 2005.

Kommunen har mange km. kommunal veg i høve til innbyggjartalet. Det er store avstandar frå kommunesenteret og til yttergrensene, og ein stor del av dei kommunale vegane ligg i desse områda. Dette betyr at det er mange km. veg å halde vedlike og det er relativt tungt å drifte pga. avstandane.

Ganske mange av vegane endar opp ved fritidshus, nedlagde gardsbruk eller hytter. Vi finn og ein god del avstikkarar til husstandar som er definert som kommunal veg. Dette skriv seg truleg frå ei tid der

det var gardsdrift med mjølkeproduksjon. Det er også ein del gamle avtalar om vedlikehald og brøyting som kommunen forhold seg til.

Det blir gjennomført årleg kontroll med alle bruer. Tilsysrapporten frå 2019 syner ein del manglar som bør rettast opp i løpet av planperioden. Manglane er av ein slik karakter at dei kan rettast over driftsbudsjett. Det er ingen bruer som er i så dårleg stand at dei må rehabiliterast innanfor planperioden.

Det same gjeld sikring av vegar med rekkverk. DV har rekkverk liggande på lager og ein vil montere rekkverk i samsvar med trafikktryggleiksplanen (som skal vedtakast i 2020).

Kvart år har kommunen motteke relativt mange klager på dårleg vegstandard og dårleg vegvedlikehald. Vegvedlikehald har vore eit gjentakande tema også i politiske møte.

Generelt kan vi konkludere med at vegstandarden er dårleg i kommunen, ut frå det vi burde kunne forvente i 2020. Vi finn ganske mykje av forklaringa når vi samanliknar oss med andre kommunar og kva ressursar som vert brukt på veg.

#### Samferdsel - Kostratal pr. 15.03.2020:

Nøkkeltall	Hyllestad			Kostragr. 06	Landet
	2017	2018	2019	2019	2019
Andel km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veier (prosent) <sup>3</sup>	0	0	0	7	15,5
Andel kommunale veier og gater med belysning av alle kommunale veier og gater (prosent)	6,9	6,9	6,9	35	62,6
Utgifter til vedlikehold av kommunale veier og gater av totale nto. dr.utg. til kommunale veier og gater (prosent) <sup>4</sup>	19,3	12,5	15,4	32,2	28,4
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke av alle kommunale veier og gater (prosent) <sup>2</sup>	61,1	61,1	59,7	44,8	27,3
Brutto driftsutgifter til samferdsel per innbygger (kr)	1957	1822	1956	3999	1765
Brutto driftsutgifter til gatebelysning langs kommunale veier og gater per kilometer belyst vei (kr) <sup>1</sup>	17600	18200	22400	17059	21566
Brutto investeringsutgifter til kommunale veier og gater per innbygger (kr)	746	1003	941	2034	1335
Antall km tilrettelagt for syklende som er et kommunalt ansvar (km) <sup>5</sup>	0	0	0	135	5584
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per innbygger (kr)	1743	1599	1758	2972	1212
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr)	33361	30333	32431	121618	156892

Kostratala syner at Hyllestad kommune brukar mindre ressursar på kommunale vegar enn kostragruppa og landet. Det kjem tydeleg fram at dette er eit forsømt område når ein ser på netto driftsutgifter per km. veg. Tala er ikkje fullt så ille når ein ser på ressursbruk pr. innbyggjar, men også her ligg Hyllestad vesentleg under kostragruppa. Kostra syner same tendens så langt vi kan hente ut tal, dvs. tilbake til 2015.

Dersom Hyllestad kommune tek sikte på å legge seg på nivået til kostragruppa, så betyr det at kommunen må setje av ressursar tilsvarande kostragruppa over lengre tid. Med utgangspunkt i 2019 tala, så vil det gi eit slikt snitt per år:

Investering (rekna pr. innbyggjar 1328 * 2034 kr. for kostragr. 06)	2,7 mill.
Drift (1328 * 2972 kr. for kostragr. 06)	3,9 mill.

Vedtaka som er gjort i [KOMM-19/061](#) og [KOMM-19/111](#) gir ei investeringsramme på 5,2 mill. i 2020 og 1,2 mill. kvart av dei neste åra i økonomiplanperioden. Totalt er det då løyvd 8,8 mill. til investering i planperioden, noko som gir 2,2 mill. i snitt kvart år. Midlar til investering må brukast i samsvar med investeringsreglement og kan ikkje brukast i ordinært vedlikehald i drift.

På driftsbudsjettet var det i 2019 budsjettetert med 1,4 mill. til vegvedlikehald. Rekneskapen synte eit forbruk på 2 mill, der det meste av overforbruket skuldast større kostnader til vintervedlikehald enn det som var budsjettetert. Etter kostrareknestykket så burde vi sett av nesten 4 mill. til drift.

## Drift eller investering?

### *Driftsregneskapet:*

*Utgifter som påløper for å holde eiendelen i samme standard som den var på anskaffelsestidspunktet gjennom den økonomiske levetiden som ble lagt til grunn ved anskaffelsen, dvs. løpende vedlikehold for å holde eiendelen i tilfredsstillende stand.*

### *Investeringsregneskapet:*

*Tiltak som tilfører eiendelen en høyere standard eller en annen funksjonalitet eller endret bruksmåte enn den har hatt tidligere. Tiltak som øker eiendelens økonomiske levetid i forhold til det som ble lagt til grunn ved anskaffelsen, eller økt kapasitet og funksjonalitet.*

Halvparten, dvs. 15-16 km. av dei kommunale vegane treng reasfaltering, men er då reasfaltering drift eller investering?

Vegforum for byer og tettsteder gir følgjande avklaring:

- *ved lapping av huller, mindre skader i asfaltdekker (ifylling av krakeleringer) og lignende, utan at hele strekningen repareres ansees dette som drift.*
- *det et nytt asfaltlag legges på nedslitt asfaltlag, uten andre oppgraderinger av veien, ansees dette som vedlikehold. Dette gjelder selv om asfaltdekket er av en bedre (mer moderne standard) enn det opprinnelige*
- *ved nedfresing av eksisterende dekke, fornyelse av bærelag, kantstein, sluk osv. før legging av nytt dekke, ansees dette som investering. Tiltakene fører samlet til en vesentlig oppgradering og til en høyere standard på veien enn opprinnelig*

Det er derfor viktig at vi er bevisst på kva arbeid som må utførast for at vi skal kunne utgiftsføre reasfaltering som investering. Fullstendig grøfterensk, skifte av stikkrenner og kummar, samt utbetring av setningar og spor, er etter administrasjonen si vurdering tiltak som gir ei vesentleg oppgradering og ein høgare standard enn opprinneleg. Dermed kan det førast som investering.

Reasfaltering gir også auka bereevne, og større bereevne enn det som var då første dekke vart lagt. Den totale levetida til asfaltdekke aukar heilt klart med 2 lagsdekke. Det er slik at sjølv om det gamle dekke er slite så har det ei restbreevne. Det er ingen god ide å bruke midlar på oppfresing av det gamle dekket. Det fører til dårlegare bereevne. Det er mykje betre å auke mengda med asfalt for å

jamne ut hjulspor og setningar, enn å slipe ned midtpartiet. (kjelde Lindås kommune og Vegforum.no).

## Vurdering og tilråding av tiltak

Gjennomsnittleg levetid på eit asfaltdekke er 10 – 15 år. Det kan vere opp mot 20 år dersom dekke er forsterka. Dersom vi tek utgangspunkt i ei levetid på 15 år, og tenkjer oss at alle kommunale vegar i Hyllestad hadde hatt asfalt, så måtte 5 km. blitt reasfaltert årleg for å halde standarden oppe. Hyllestad er langt i frå ein slik situasjon, men måtalet 5 km. er nemnt i kommuneplane og kan godt brukast i vidare berekningar .

Status er at vi har så svak kvalitet på mykje av vårt eksisterande asfaltdekke at reasfaltering bør prioriterast framfor nylegging. Dersom eit asfaltdekke blir så slite at det smuldrar opp så må heile vegbana takast att. Dersom ein legg nytt dekke før det gamle er så slite, så vil ein kunne utnytte restbereeivna i det gamle dekke og dermed få to lag med asfalt, som samla sett gir vesentleg betre bereevne enn berre eit dekke. Dette er også eit godt argument for å kunne bruke investeringsmidlar til reasfaltering.

I vedlagde kart er asfaltdekke eldre enn 15 år markert med raudt og dekke som er mellom 0 og 15 år er markert med gult. Framlegg til nyasfaltering i denne planperioden er markert med grønt.

For at måla skal kunne nåast ser vi for oss følgjande tiltak:

- 1. Oppnå generelt betre vegstandard på kommunale grus- og asfaltvegar**
  - a. auke mengda grus frå 1200 til 1500 tonn årleg
  - b. prioritere grøfterensk og byte ut dårlege stikkrenner for grusvegar
  - c. reasfaltere vegar med fast dekke som er eldre enn 15 år (etter prioritert liste), arbeidet inkluderer grøfterensk, byte av kummar, stikkrenner og retting av vegbana
  - d. nyasfaltere 6 km. i løpet av planperioden
  - e. syte for at ein har nytt og velfungerande utstyr (m.a. traktor og gravemaskin med naudsynte reiskapar)
  - f. auke driftsramma gradvis til den er på linje med kostra i slutten av planperioden
  - g. auke investeringsramma til kostrasnitt i løpet av perioden
  - h. oppgradere gatelys (skifte ut gamle lampar med ledarmatur)
  - i. bygge ut fleire strekningar med nye gatelys (i samsvar med trafikktryggleiksplan)
  
- 2. Auke andelen kommunale vegar med fast dekke til ca. 50 %**
  - a. gjennomføre nyasfaltering med 6 km. (etter prioritert liste). Det vil føre til at vi har 34-35 km. med fast dekke ved utløp av planperioden
  - b. Redusere samla lengde på kommunale vegar med ca. 10 %. Det vil føre til at vi har 67-68 km. med kommunal veg ved utløp av planperioden. Reduksjon må skje som nedklassifisering frå kommunal til privat veg

## Omtale av tiltak i planperioden:

### 1a) auke mengda grus frå 1200 til 1500 tonn årleg

Dette er eit tiltak som vil gi betre standard på grusvegane våre. Det er viktig å bygge opp grusdekke med ny grus for å unngå at pukk kjem opp, og for å kunne halde ein profil på vegbana som gjer til at vatn renn ut i grøfta og ikkje i vegbana. Dersom gruslaget er for tynt så greier ein ikkje å rette profilen på vegbana og sjansane aukar for at overflatevatn skal gjere skade.

Dette tiltaket bør gå av driftsbudsjett. Det er vanskeleg å sjå at veggrus er ei investering, og at det vil bli gjort arbeid på grusvegane som vil gi ei vesentleg oppgradering og høgare standard enn opprinneleg.

Konsekvens: driftsramma må aukast for at tiltaket kan gjennomførast

#### 1b) prioritere grøfterensk og byte ut dårlege stikkrenner for grusvegar

Dette er eit viktig førebyggjande tiltak for å unngå at vatn kjem inn i vegbana og gjer skade. Gode djupe grøfter, kummar og stikkerenner som er dimensjonerte for unormalt store nedbørsmengder vil ha ein førebyggjande effekt. Dei siste åra har mykje ressursar blitt brukt på reparasjonar av vegdekke, målet er at førebyggjande vedlikehald skal føre til mindre skadar ved store nedbørsmengder.

Dette tiltaket bør gå av driftsbudsjett og gjennomførast av eigne folk/ressursar.

#### 1c) reasfaltere vegar med fast dekke som er eldre enn 15 år

Dette er hovudtiltaket i vegplanen. Fast dekke gir høgare vegstandard enn grusvegar og det krev mindre dagleg vedlikehald. Reasfaltering må prioriterast i denne perioden, slik at vi «bergar» det første dekket. Halvparten av kommunen sine 30,5 km. med fast dekke, har asfalt som er eldre enn 15 år.

#### 1d) nyasfaltere 6 km. i løpet av planperioden

Her bør ein prioritere grusvegar som er krevjande å halde vedlike. Det er særleg vegar som er utsett for overflatevatn og der grusen renn vekk under store nedbørsmengder. Ein bør også vurdere trafikkmengde og avstand frå dv- basen til grusvegane når prioriteringane vert gjort.

#### 1e) syte for at ein har nytt og velfungerande utstyr

Dette er avgjerande for at ein skal kunne arbeide effektivt. Dei siste par åra har det vore mykje tidsheft med utstyr som ikkje er i orden, og det blir fort dyrt.

#### 1f) auke driftsramma gradvis til den er på linje med kostra i slutten av planperioden

Det er driftsramma per innbyggjar vi tenkjer på. Den vil gi langt betre rammer til tenesta enn det som har vore avsett tidlegare, men ein vil ikkje kome opp på kostrasnitt pr. km. veg. Eigentleg burde tenesteramma vore høgare enn kostrasnitt fordi Hyllestad har meir veg per innbyggjar enn kostra 06. Spørsmålet er likevel kva som er realistisk. Hyllestad har 18 innbyggjarar pr. km. veg. Fjaler t.d. har akkurat like mange km kommunal veg, men meir enn dobbelt så mange innbyggjarar pr. km. veg. Nabokommunen har over 80% med fast dekke. (Vi fekk ikkje ut tal for kostragruppa).

Ei auke av driftsramme vil gi dv mulegheit til å ha 1-2 mann som arbeider fast med denne tenesta og ein har midlar til veggrus og utstyr.

#### 1g) auke investeringsramma til kostrasnitt i løpet av perioden

Løyvingane som ligg inne i planperioden gir eit snitt på 2,2 mill pr. år. Det gir ei løyving på 8,8 mill. i perioden, dersom denne vert auka til 10,8 mill så er ein på kostrasnitt. Ei ramme på 10,8 mill. bør gjere måla realistiske. Dersom ramma vert for knapp, så bør reasfaltering prioriterast og målsetjinga om 50 % fast dekke vert vanskeleg å nå.

#### 1h) oppgradere gatelys (skifte ut gamle lampar med ledarmatur)

Det er sett av 150000 kr. årleg, totalt 600 000 kr. til dette i eige investeringsprosjekt. Ramma vil føre til at ca. 120 armatur vert bytta i løpet av perioden. Totalt har Hyllestad ca. 250 lampar.

1i) bygge ut fleire strekningar med nye gatelys (i samsvar med trafikktryggleiksplan)  
Trafikktryggleiksplanen er under revisjon og ny plan vil truleg peike på nokre område eller vegstrekningar som bør ha veglys. Dette bør ein prøve å få til i takt med handlingsdelen i planen. Konsekvens er at det må setjast av midlar eller skaffast ekstern finansiering (TIK- midlar?).

2a) gjennomføre nyasfaltering med 6 km. (etter prioritert liste).  
Tiltaket er naudsynt for å kunne nå målet om at 50% av vegane skal ha fast dekke ved utløpet av planperioden.

2b) Redusere samla lengde på kommunale vegar med ca. 10 %.  
Tiltaket skal gjennomførast som eiga sak om nedklassifisering av vegar, [jamfør sak i FSK 19/129](#).

#### Vedlegg:

1. Oversikt kommunale vegar i Hyllestad med prioritering asfaltlegging 2020 – 2023
2. Kart med oversikt over kommunale vegar, der fast dekke er markert med fargekode. De finn kartet på denne lenkja:  
<https://kommunekart.com/klient/hyllestad/kommunekart?urlid=a23b4a95-1118-4b21-bfe7-12e995173572>

#### Referansar/kjelder:

[Lindås kommune, vedlikehald av asfaltdekke og val av asfalttype](#)

[Trafikksikkerheitshandboka – kap. 2.1 vedlikehald av vegdekker](#)

[Vegforum.no](#)

[Vegvesen.no – vedlikehald av vegdekke](#)

[Kostra – nøkkeltal](#)